



SUND KOMMUNE

Rådmannen

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

24. 11. 2009

Sakshands.: KAB
Direktetlf.: 56327556

Vår ref.: 2009002214-3
Arkiv: N-634

Dykkar ref.:

Dato: 23.11.2009

UTTALE OM FORSKRIFT OM KAPASITETSAUKE I LAKSE- OG ØRRETOPPDRETT I 2010

Vi viser til Dykkar brev av 13.10 2009 pm saka. Sund formannskap slutta seg samrøystes til denne uttalen på møte 17.11.2009

Med grunngjeving som går fram av brev frå Sotra Marine Industrinettverk tilrår rådmannen fylgjande vedtak:


1. 5 % kvilande MTB konsesjon

Alle oppdrettarane får høve til å kjøpa dei tilbydde 5% MTB konsesjonane under føresetnad at auken vert kvilande ved at dei vert sett i ein "bank" inntil unntakssonene vert frigitt eller anlegget vert flytta utanfor unntakssonene.

2. "Forutsigbar" lokaliseringsstruktur.

- a. Godkjenning av nye eller utvida lokalitetar og/eller samdrift, der lokalitetar tilseier det innafor unntakssona, skal halda fram som hovudregel. Føremålet med ein slik hovudregel er å sikra ein meir robust lokaliseringsstruktur i næringa. Eit forbod kan stå i vegen for ei optimal utnytting av lokalitetar i dei områda som er berørt av forskriftene.
- b. FKD presiserer ovanfor forvaltningsorgana ei positiv haldning til søknader om endringar i lokalitetsstrukturen innanfor unntakssona for å gjera næringa meir robust og "forutsigbar" i høve til grunngjevinga for innføringa av forskriftene.

Med helsing


Karstein Bjørge
sakshandsamar

Adresse:
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Tlf.: 56 32 75 00
Fax.: 56 32 75 01
E-post: postmottak@sund.kommune.no

Org.nr.:
964 338 809

Giro:
3470.09.50850

Giro skatt:
78550512458